

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - protokoll etter styremøte 5/2024

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- TOMMY SÆVAREID, signert 04.12.2024 med ID-Porten: BankID
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, signert 15.12.2024 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtestad: Scandic Sunnfjord hotell

Dato: 25.11.2024

Tidspunkt: 10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Aldis Bjerkeset	Leiar	Gloppen kommune
Erlend Haugen Herstad	Nestleiar	Sunnfjord kommune
Tommy Sævareid	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Alf Erik Røyrvik
Rune Holen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 26/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 27/24	Val av styremedlem til å signere protokoll		
RS 7/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - orientering om tiltak og tiltaksmidlar i 2024		2019/4173
RS 8/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 5-2024		2019/4183
ST 28/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig løyve til løypekøyning - Instedalen Skianlegg		2020/10531
ST 29/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett og planmidlar for 2025		2019/2581
ST 30/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2025		2019/10675
ST 31/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2025		2019/4173
ST 32/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar i 2025		2019/4173
ST 33/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - sende framlegg til revidert forvaltningsplan til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning		2022/10021
ST 34/24	Eventuelt		

ST 26/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Ei sak vart ført opp under Eventuelt:
- Høyring om forslag til lov om besøksbidrag.

Innkalling og sakliste vart godkjent med dette tillegget under Eventuelt.

ST 27/24 Val av styremedlem til å signere protokoll

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Tommy Sævareid vart valt til å signere protokoll i tillegg til styreleiar.

RS 7/24 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - orientering om tiltak og tiltaksmidlar i 2024 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - orientering om tiltak og tiltaksmidlar i 2024

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande.

RS 8/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 5-2024 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 5-2024

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltar orienterte i tillegg om dialog med produksjonsselskap som har hatt spørsmål om regelverk og søknadsprosess.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande.

ST 28/24 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig løyve til løypekøyning - Instedalen Skianlegg

Innstilling frå forvaltar

Instedalen Skianlegg får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1.januar til 31.mars i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyning.
- Løyvet gjeld for inntil ein gong i veka i perioden.
- Søkjjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommune og grunneigarar.
- På sundagar og heilagdaggar skal det ikkje køyrast mellom kl 10 og kl 16.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyning dersom omsyn til villrein krev det.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Instedalen Skianlegg får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1.januar til 31.mars i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyning.
- Løyvet gjeld for inntil ein gong i veka i perioden.
- Søkjjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommune og grunneigarar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

- På søndagar og heilagdagur skal det ikkje køyrast mellom kl 10 og kl 16.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsyn til villrein krev det.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.

ST 29/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett og planmidlar for 2025

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søker Miljødirektoratet om følgjande for 2025:

- Driftsbudsjett for styret på kr 86.000
- Driftsmidlar til vedlikehald kr 75.000
- Utarbeiding av skjøtselsplan for Myklandsdalen kr 150.000

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søker Miljødirektoratet om følgjande for 2025:

- Driftsbudsjett for styret på kr 96.800
- Driftsmidlar til vedlikehald kr 75.000
- Utarbeiding av skjøtselsplan for Myklandsdalen kr 150.000

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

ST 30/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2025

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok tiltaksplan for landskapsvernområdet med dei justeringar som vart gjort i møtet. Tiltaksplanen ligg vedlagt til protkollen.

ST 31/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2025

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Kostnads- overslag
	Skjøtsel Arnestadstøylen	30 000
	Skjøtsel Sandsstøylen	50 000
	Skjøtsel Fitjestøylen	50 000
	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	50 000
	Skjøtsel Gimmestadstøylen	50 000
	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalsstøylen	50 000
NY	Skjøtsel Ryggjastøylen	50 000
NY	Bru ved Svostølen (Naustdal)	30 000
	Remerking av stiar	30 000

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

	Vedlikehold av kloppar	75 000
	Fjerning av ikkje-ynskete artar	100 000
	Informasjonsskilt	50 000
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	15 000
NY	Reparere utedo ved Nes- / Ytre Kandalstøylen	60 000
	Drifteveg i Traudalen	50 000
	Nibberåsa i Traudalen	?
NY	Buføringsveg mot Breidalen	100 000

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Prioritet	Tiltak	Kostnads- overslag (totalt)
1	Skjøtsel Ryggjastøylen	50 000
2	Skjøtsel Arnestadstøylen	30 000
3	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	30 000
4	Skjøtsel Fitjestøylen	50 000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	50 000
6	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalstøylen	50 000
7	Skjøtsel Sandsstøylen	50 000
8	Drifteveg i Traudalen	25 000
9	Buføringsveg mot Breidalen	60 000
10	Bru ved Svostølen (Naustdal)	30 000
11	Vedlikehold av kloppar	75 000
12	Sti Arnestadstøylen	20 000
13	Remerking av stiar	30 000
14	Fjerning av ikkje-ynskete artar	100 000
15	Reparere utedo ved Nes- / Ytre Kandalstøylen	60 000
16	Nibberåsa i Traudalen	100 000
17	Informasjonsskilt	50 000
	Sum	860 000

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forsiglet av



Posten Norge

ST 32/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar i 2025

Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO-ressursar i 2025:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Oppfølging av skjøtselsavtalar
- Oppfølging og dokumentasjon av granskjøtsel
- Prosjektering, rådgjeving og utbetring av buføringsveg i Breidalen
- Manuell utbetring av støylssti i Traudalen

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Bestilling av SNO-ressursar i 2025:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Oppfølging av skjøtselsavtalar
- Oppfølging og dokumentasjon av granskjøtsel
- Prosktering, rådgjevaing og utbetring av buføringsveg i Breidalen
- Manuall utbetring av støylssti i Traudalen
- Arrangere kurs/opplæring i stiarbeid for forvaltning, organisasjonar og grunneigarar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

ST 33/24 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - sende framlegg til revidert forvaltningsplan til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning, med ei mindre justering gjort i møtet.

ST 34/24 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.11.2024

Handsaming i møte

Vedtak

- Høyring om forslag til lov om besøksbidrag.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tek ikkje stilling til om Lov om besøksbidrag skal innførast eller ikkje.

Dersom lova vert innført, peikar verneområdestyret på at midlane som kjem inn som følge av ordninga må gå målretta til konkrete tiltak, først og fremst til tilrettelegging for besøkande som parkering, avfallshandtering og sanitæranlegg.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge



Naustdal-Gjengedal
verneområde

Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområde
Møtestad:	Scandic Sunnfjord hotell
Dato:	25.11.2024
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024



Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 26/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 27/24	Val av styremedlem til å signere protokoll		
RS 7/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - orientering om tiltak og tiltaksmidlar i 2024		2019/4173
RS 8/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 5-2024		2019/4183
ST 28/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig løyve til løypekøyning - Instedalen Skianlegg		2020/10531
ST 29/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett og planmidlar for 2025		2019/2581
ST 30/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2025		2019/10675
ST 31/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2025		2019/4173
ST 32/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar i 2025		2019/4173
ST 33/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - sende framlegg til revidert forvaltningsplan til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning		2022/10021
ST 34/24	Eventuelt		

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024



ST 26/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 27/24 Val av styremedlem til å signere protokoll

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - orientering om tiltak og tiltaksmidler i 2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidler pr 18.11

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har i 2024 fått tildelt kr 600.000 i tiltaksmidler. Desse har vore fordelt på 12 ulike tiltak og det har blitt jobba med alle dei 12 tiltaka i løpet av året.

Skjøtselsavtalar

Forvaltningsstyresmakta har skrive avtale med seks grunneigarlag, om skjøtsel på støyler og i støylsområde. Avtalane har hatt ramme på mellom 30.000 og 50.000, litt avhengig av behov og ønske frå grunneigarlaga si side. Det har blitt jobba på alle avtalane, og dei fleste har sendt rapport og faktura. Dei fleste har brukt den avtalte ramma, men ikkje alle.

Merking av sti

Midtre Nordfjord turlag har merka opp att fleire ruter i og rundt verneområdet: Byrkjeneset-Måsevassdalen, Jardalen Rundt, Lisbethdalen-Leitebakkane og Traudalen-Morafta.

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024





Fjerning av gran

Fleire felt med gran inne i verneområdet er hogd ned i løpet av året. To bra store plantefelt i Ryssdalen er so godt som ferdig tatt ut, og nokre førekomstar i Fitjedalen. Mesteparten av arbeidet er gjort med midlar frå 2023 og førehandsbetalt arbeid. Noko er gjort med årets tiltaksmidlar. Vi har og gjort avtale og førehandskjøp av noko arbeid som skal fullførast neste år.

Buføringsveg og støylssti i Traudalen

Tiltaket gjeld utbetring av stien som går frå enden av buføringsvegen i traudalen og vidare inn til Dalsbøen. Styre, forvaltning og grunneigarar hadde synfaring her i mai. Grunneigarane har fått noko støtte til arbeid på stien som dei ønskjer å bruke minigravar til. Det har verneområdestyret sagt ja til. So jobbar forvaltning og naturoppsyn med utbetring av punkt og parti lenger innover stien med manuelle teknikkar. Det arbeidet vil halde fram i 2025.

Informasjonsskilt

Det er sett opp eit informasjonsskilt med kartplakat i Hafstadparken i Førde sentrum. Skilt og plakat er bestilt gjennom dei felles rammeavtalane vi har for slikt med Solvangs Dekorbyrå og Grafika. Monteringar har Gravdal Skog & Hageservice stått for gjennom den rammeavtalen vi har med dei. Vi har og kjøpt inn nokre fleire nye plakatar som kan hengast opp andre stader eller brukast til å bytte ut gamle.

Kloppar

I 2024 har vi kjøpt inn ein del kloppar. Mesteparten er levert til Rygg og Grov sameige som har planer om klopplegging på stien mot Traudalsnibba. Resten av kloppane er fordelt til vedlikehald og opprusting av eksisterande kloppestiar i Langedalen og Gjengedalen. Mesteparten av kostandane her er lagt på tiltaksmidlane, men noko er og dekket av driftsmidlane vi fekk til vedlikehald.

Bruk av drifts-/vedlikehaldsmidlane

Som sagt so fekk vi ein pott på 50.000 kr som driftsmidlar, som styret kunne bruke til ulike behov innan drift og vedlikehald av infrastruktur som dukka opp i løpet av året. Desse midlane er brukt til litt ulike tiltak. Noko er brukt til vedlikehald av kloppar. Noko er brukt til tilsyn og vedlikehald med trappene i Geitabykset i Gloppen som vart montert for nokre år sidan. Noko er brukt til å kjøpe inn nye infoplakatar som erstatning for gamle, øydelagde og utdaterte. Det er og brukt noko av desse midlane til driftsstøtte til dei grunneigarlaga som driftar toalett for ålmenta i innfallsportane. Heile potten vart brukt opp.





Forbruk av tiltaksmidlar

Som sagt fekk Naustdal-Gjengedal 600.000 i tiltaksmidlar i 2024. Av desse er 510.000 brukt per 18.nov.

Forbruket fordelar seg slik:

Skjøtsel:	om lag 351.000
Tilrettelegging og infrastruktur:	om lag 109.000
Informasjonsarbeid:	om lag 50.000

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge



Arkivsaksnr: 2019/4183-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 5-2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker

Det har ikkje vore handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.

Økonomi

Verneområdestyret har fått tildelt totalt kr 140.000 i driftsbudsjett for 2024. I den summen er det 90.000 til drift av styret, rådgjevande utval, nettside etc. Der er og 50.000 som er driftsmidlar til vedlikehald av anlegg og infrastruktur.

Per 12.11 er det brukt totalt oppunder 134.000 av desse midlane. Om lag 47.500 av desse er driftsmidlar til vedlikehald, resten er anna drift av styre og utval.





Arkivsaksnr: 2020/10531-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 13.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	28/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig løyve til løypekøyring - Instedalen Skianlegg

Innstilling frå forvaltar

Instedalen Skianlegg får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1.januar til 31.mars i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet gjeld for inntil ein gong i veka i perioden.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommune og grunneigarar.
- På sundagar og heilagdagrar skal det ikkje køyrast mellom kl 10 og kl 16.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsyn til villrein krev det.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.





Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av løyve til løypekøyning, datert 08.05.23
- Løyve til løypekøyning for åra 2021 til 2024
- *Vedtak i klagesak om kjøring av skispor med snøskuter - Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Klima- og miljødepartementet*
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Instedalen Skianlegg har i over 10 år hatt løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna i Instedalen i Sunnfjord. Løyvet gjeld oppkøyning av løype inntil ein i veka i perioden 1.januar til 1.april. Det førre løyvet gjaldt for perioden 2021 til 2024, og Instedalen Skianlegg søkjer derfor om fornya løyve frå 2025 og fem år framover. Dei søkjer om løyve på same vilkår som før og dei vil framleis leige Naustdal Røde Kors Hjelpekorps til å utføre løypekøyninga.

Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til visse føremål, men løypekøyning er ikkje nemnd i verneforskrifta. Saka må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. tidlegare løyve har og vore heimla i den paragrafen.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Det er første alternativ (mi understreking) som er aktuelt å bruke her. Det er og det som har vore brukt i tidlegare handsaming av saka. Det bør nemnast at denne saka tidlegare har vore handsama av Klima- og miljødepartementet som klagesak etter at løyve til løypekøyning vart klaga på av Villreinnemnda for Sogn og Fjordane. Det juridiske er derfor grundig vurdert og avklara i saka, so lenge det er same føresetnader og vilkår som før.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommunen og grunneigarane.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Vurdering

I saker som skal handsamast etter nml § 48 må ein først vurdere om vilkåra for å bruke paragrafen er oppfylt. Deretter må ein gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. Her er det første punktet vurdert grundig tidlegare, og Klima- og miljødepartementet (KLD) har til og med stadfesta dei vurderingane. Vi viser derfor til tidlegare handsaming og konstaterer at ein kan gje løyve med heimel i nml § 48 her.





Vi må likevel gjere ei fagleg vurdering om kor vidt det er forsvarleg og tilrådeleg å gje løyve, og dessutan vurdere om det har kome ny kunnskap eller nye moment i saka sidan sist løyvet vart fornya.

Sidan sist saka vart handsama, har det i samband med kvalitetsnorm for villrein kome oppdaterte kart over reinen sin arealbruk. Traseen der det har blitt køyrt skiløype ligg innanfor det som er definert både som kalvings- og oppvekstområde og som vinterbeiteområde. Men, det ligg heilt i ytterkant for begge deler, og har vore lite i bruk siste åra. Her er sporadiske observasjonar av rein. Sidan det er snakk om køyring til og med mars månad, so er det før kalvingstida, og kalvingsområde er derfor ikkje so relevant.

Det siste tiåret om lag har villreinen brukt område lenger nord som vinterbeite. Ein må likevel vere klar over at reinen brukar område i syklusar og kan ta i bruk eit område til vinterbeite igjen etter mange år utan bruk. Vi kan derfor ikkje legge eit augneblinksbilete av reinen sin arealbruk til grunn som fasit for kva som kan skje i framtida. Ein bør derfor halde på vilkår om at Statens naturoppsyn kan stogge køyring av omsyn til villrein ved behov.

Området rundt Vonavatnet er mykje i bruk som utfartsområde, og særleg på vinteren og fram til og med påske. Her er mange turmål og turar, uavhengig av om her er oppkøyrte løype eller ikkje, og utfarten vil sannsynlegvis ikkje auke som resultat av den oppkøyrte løypa. Den oppkøyrte traseen har ein viss kanalisierende effekt, og den kan nok og føre til at folk går lenger inn i området enn dei ville gjort utan oppkøyrte løype.

Erfaringane med løyve til no er gode. Vi har ikkje registrert negative tilbakemeldingar eller hendingar som følgje av løyve. Gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villreinen i Førdefjella er det heller ikkje registrert at aktivitet og ferdsel i Vonaområdet har hatt stor negativ effekt for villreinen sin arealbruk (under 50 % arealunnvikelse til alle årstider). Løypekøyring blir ofte kombinert med anna lovleg køyring i området, og den samla omfanget vert soleis halde nede.

I det tidlegare løyver var det vilkår om at det ikkje skulle køyrast på sundagar og heilagdaggar mellom kl 10 og 16, av omsyn til heilagdagsfred og turfolk.

Dette er ei sak og eit område som forvaltninga kjenner særst godt. Vi har hatt mange saker og tiltak i dette området. Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er særst solid. Solid kunnskapsgrunnlag kombinert med vilkår for å ta omsyn til villrein gjer samla sett til at føre-var-prinsippet i nml § 9 er oppfylt.

Instedalen er eit område kor det er ein del motorferdsel, med ulike føremål. Ferdsla er likevel godt regulert, og det er tatt grep for å effektivisere og redusere motorferdsla. Ei vidareføring av tidlegare løyve og gjeldande praksis vil ikkje auke samla belastning i området (jamfør nml § 10).

Nml §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i saka.

Skianlegget søker om eit løyve for fem år, men verneområdestyret gjer normalt ikkje løyve for meir enn ein styreperiode som er fire år.





Arkivsaksnr: 2019/2581-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	29/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett og planmidlar for 2025

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søker Miljødirektoratet om følgjande for 2025:

- Driftsbudsjett for styret på kr 86.000
- Driftsmidlar til vedlikehald kr 75.000
- Utarbeiding av skjøtselsplan for Myklandsdalen kr 150.000

Saksutgreiing

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventna kostnader som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrer bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året, noko som normalt sett vil vere tilstrekkeleg med den saksmengda vi har. Det er derfor naturleg å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnader og kostnader til lokale og servering på møta.





Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekka reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle. Vi har normalt eitt møte i Rådgjevande utval kvart år, i september eller tidleg i oktober.

Konferansar og studieturar

Vi hadde kompetanseprogram for styra i 2024, so det er ikkje aktuelt i 2025. Vi har heller ikkje fått melding om at Miljødirektoratet planlegg nasjonalparkkonferanse eller liknande.

Dersom styret ønskjer å ha studietur eller anna fagleg påfyll som har kostnadar utover dei ordinære styremøte, so må dei kostnadane leggest inn i driftsbudsjettet og søkast om.

Drift av nettsider

Vi har nokre mindre kostnader til drift av nettsidene våre. Vi har der ein avtale med leverandør av nettsidene, Trollbinde AS på Dombås. Dette er inkludert i driftsbudsjettet til styret.

Driftsmidlar til vedlikehald og drift av infrastruktur er ein ny post som vi fekk i 2024. Vi fekk då 50.000 som kan brukast til vedlikehald og drift av anlegg og infrastruktur, først og fremst slikt som vi tidlegare har investert i. Dei midlane ligg på same budsjettpost som driftsbudsjettet til styret. For 2025 må slike midlar søkast om, og forvaltar rår til at styret søkjer om midlar til dette for 2025, og gjerne noko meir enn vi fekk i 2024

Planmidlar

Midlar til kartlegging, planarbeid og liknande ligg på same budsjettposten som driftsbudsjettet til styret. Dei skal derfor søkast om i same søknad som driftsbudsjettet.

I 2025 har vi ønskje om å få laga ein skikkeleg skjøtelsesplan for Myklandsdalen i Kandal. Dette er eit flott og viktig kulturlandskap. Forvaltning og grunneigarane ønskjer her å få midlar til å hyre inn fagfolk på skjøtelsesplanar, som kan lage ein grundig og god plan.

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024





Arkivsaksnr: 2019/10675-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	30/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2025

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Framlegg til tiltaksplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal LVO

Bakgrunn

Kvart år søker Naustdal-Gjengedal verneområdestyre om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane. Tiltaka skal vere med på å oppnå målsetningar i forvaltningsplan, besøksstrategi og andre dokument. Tiltaka som ein skal søke om midlar til bør ha ei forankring i planverket til forvaltninga.

Besøksstrategien er etter kvart nokre år gammal, og ikkje lenger heilt oppdatert. Forvaltningsplanen er under revisjon. Dei fleste tiltaka i dei gamle plandokumenta er enten gjennomført eller ikkje lenger aktuelle. Nye behov og problemstillingar har dessutan dukka opp i åra som har gått. Det er derfor behov for ein meir oppdatert tiltaksplan som grunnlag for søknad om og bruk av tiltaksmidlar.

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024





Tiltaksplanen til Naustdal-Gjengedal er eit enkelt og dynamisk dokument som vert oppdatert kvart år. Gjennomførte tiltak vert kvittert ut, igangsette tiltak vert endra og oppdatert tilpassa gjeldande status, og nye behov vert lagt inn. På ein del tiltak vert og kostnadsestimatet justert ut i frå kunnskapsgrunnlag og ambisjonsnivå. Den gjeldande planen vart revidert i desember 2023.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	31/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Kostnads- overslag
	Skjøtsel Arnestadstøylen	30 000
	Skjøtsel Sandsstøylen	50 000
	Skjøtsel Fitjestøylen	50 000
	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	50 000
	Skjøtsel Gimmestadstøylen	50 000
	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalsstøylen	50 000
NY	Skjøtsel Ryggjastøylen	50 000
NY	Bru ved Svostølen (Naustdal)	30 000
	Remerking av stiar	30 000
	Vedlikehald av kloppar	75 000
	Fjerning av ikkje-ynskte artar	100 000
	Informasjonsskilt	50 000
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	15 000
NY	Reparere utedo ved Nes- / Ytre Kandalsstøylen	60 000
	Drifteveg i Traudalen	50 000
	Nibberåsa i Traudalen	?
NY	Buføringsveg mot Breidalen	100 000

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024





Saksopplysningar

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2025. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan. Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Nokre av summene som står her er rettleiande og bygger på eit estimat. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. Andre summer er meir nøyaktige og bygger på god planlegging frå grunneigarar eller forvaltninga. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som regel vert heile ramma brukt, men av ulike årsaker er ikkje det alltid tilfelle.

Tilretteleggingstiltak er ofte vanskeleg å estimere kostnad på. Vi har ikkje verken mange eller store tilretteleggingstiltak med i framlegget i år. Forvaltar har eit lite ønske om at ein kan ha eit ekstra fokus på vedlikehald i 2024, og i mindre grad starte på nye tiltak.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår. Nytt av året er at vi og skal nytte ei løysing som heiter Naturoppdrag der vi kan legge inn tiltak, følgje dei opp og tinge tenester frå SNO.

I tillegg til å søke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille tenester frå Statens naturoppsyn. Det skal skje i løysinga Naturoppdrag, og det er sett opp som ei eiga sak.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.





Bruttoliste over aktuelle tiltak

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsesplan.	30 000
	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsesstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsesstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsesstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsesstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalsstøylen	Skjøtelsesstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
NY	Skjøtsel Ryggjastøylen	Skjøtselstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsesplan	50 000
NY	Bru ved Svostølen (Naustdal)	Bygge bru over ei elv ved Svostølen (utanfor verneområdet).	30 000
	Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernområdet.	30 000
	Vedlikehald av kloppar	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summar på klopplegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehald og reperasjonar på enkelte stader.	75 000
	Fjerning av ikkje-ynskete artar	Fjerne førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	100 000
	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	50 000
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Det vart gjort ein god jobb i 2023. Grunneigar/dyreeigar melder likevel om framleis behov for utbetring	15 000
NY	Reparere utedo ved Nes- / Ytre Kandalsstøylen	Ved Nes- / ytre Kandalsstøylen står ein utedo ved parkeringsplass og informasjonsskilt, som er open for ålmenta. Sjølve bygget er skeivt og treng reperasjon.	60 000
	Drifteveg i Traudalen	Utbetring på stien som er forlenging av drifteveg i Traudalen. Først og fremst manuelt arbeid, kanskje og noko maskinelt i starten	50 000
	Nibberåsa i Traudalen	Legge kloppar i myrparti i starten av råsa. Om lag 320 m + 50 m lenger oppe.	400 000
NY	Buføringsveg mot Breidalen	Utbetre buføringsveg for driving av storfe frå inntaket til Breidalselva og oppover det første stykket mot Breidalen.	100 000
		Totalt	1 240 000





Litt meir om enkelte av tiltaka og postane

- **Skjøtselsavtalane**

Skjøtselsavtalane har blitt ein stor del av tiltaksmidlane, om lag halvparten av midlane vert sett av til desse. Interessen er aukande, og no har eit grunneigarlag til meldt si interesse. Rygg og Grov sameige har laga ein god skjøtselsplan for Ryggjastøylen som er ein viktig innfallsport til verneområdet.

Forvaltar meiner at vi bør halde fram med desse skjøtselsavtalane. Men vi bør nok vere litt tydelegare på korleis dei blir brukt og gje betre føringar på kva type tiltak som vert støtta og kva som ikkje vert det. Midlane skal gå til skjøtselstiltak som har som mål å bevare eller gjenskape ein ønska naturtilstand. Det kan og vere at vi skal differensiere meir på kor mykje midlar som vert tildelt kvar plan/avtale. Nokre bør nok fornye skjøtselsplanane sine.

- **Remerking av stiar**

Dette er eit enkelt, relativt billeg og nyttig tiltak som er heilt i tråd med mål og prioritering i besøksstrategien. Der er det slått fast at den eksisterande infrastrukturen skal ha god standard og at det er eit prioritert mål.

- **Utbetring av stiar og drifteveggar**

Dette er populære tiltak som grunneigarane ofte tek initiativ til og melder inn. Tiltaka er nyttige både for beitedyr og for friluftsliv. Utfordringa her er å finne rette nivået på arbeidet. Det må vere ein balanse mellom kost og nytte, enkelt forklart. Vi prøvar og å ta til orde for enkle og manuelle teknikkar i størst mogeleg grad, noko som kan vere utfordrande å få forståing for hos grunneigarar og brukarar. Det å ty til gravemaskin har blitt ryggmargsrefleks hos mange. Vi kan støtte oss til den kompetansen som SNO har bygd opp og har innan stiutbetring.

- **Bru ved Svostølen**

Øvre Naustdal Utmarkslag har meldt inn behov for å sette opp ei bru ved Svostølen i Naustdal. Her er det ei elv som ved stor vassføring er vanskeleg å krysse. Her går det ein merka sti og ei gammal ferdselsåre mellom inste Naustedalen og Gjengedalen over Gjengedalsskaret. Utmarkslaget har sett opp ein plan for arbeidet med kostnadsoverslag.

- **Reparere utedo**

Under synfaring til Nes- / Ytre Kandalsstøylen la vi merke til at utedoen som står der var ganske skeiv og treng utbetring. Det bør vere ein ganske grei sak å reparere eventuelt bygge nye veggjar og tak om det trengs.

- **Informasjonsskilt**

Vi har ikkje per no openberre behov eller planar for oppsetting av nye cortenstålskilt. Styret kan vurdere om dei har ønsker for nye skilt som vi legg inn i planen. Kostnad på eit nytt ferdig montert skilt ligg truleg på rundt 50.-60.000.





- **Fjerning av gran**

Dette er eit «evigvarande» tiltak som vil krevje veldig mykje tid, midlar og administrativ innsats om vi skal komme i mål. Arbeidet er ofte avhengig av gode vær- og føreforhold og kan vere særst tungvindt. Det er lett å hamne litt bakpå og krevjande å bli ferdig innan fristar. Enkelte tiltak går over fleire år.

Vi vil i løpet av 2025 ha fått tatt det meste som er i Gloppen. Men det står framleis att mykje i Sunnfjord. Både i Naustedalen, Angedalen og i dalføra på Jølster er der felt eller mindre førekomstar inne i verneområdet.





Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 13.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	32/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar i 2025

Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO-ressursar i 2025:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Oppfølging av skjøtselsavtalar
- Oppfølging og dokumentasjon av granskjøtsel
- Prosjektering, rådgjeving og utbetring av buføringsveg i Breidalen
- Manuell utbetring av støylssti i Traudalen

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvalterne og verneområdestyrene - midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, samt SNO-ressurser i verneområder – 2025

Bakgrunn

Det lokale naturoppsynet er feltapparatet til styret og forvaltninga. Det er oppsynet som er våre auge der ute i felt, og som i hovudsak skal kontrollere og dokumentere på vegner av styret.

Vi har ein god kommunikasjon med lokalt SNO, men det er likevel krav til at vi bestiller ressursar, oppdrag og tenester frå SNO gjennom løysinga som heiter Naturoppdrag.

Forslaget i innstillinga bygger på tiltaksplanen, og ikkje minst på erfaringar og praksis siste åra. Det bygger på kva vi har behov for å få kontrollert og dokumentert og vi ønskjer og å utnytte den kompetansen som vårt lokale naturoppsyn har.





Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	33/24	25.11.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - sende framlegg til revidert forvaltningsplan til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Framlegg til revidert forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og forvaltninga har sidan starten av 2022 jobba med revidering av forvaltningsplanen. Den gamle planen som gjeld no vart vedteken i 2015, og målet er å få ny plan klar før den gamle blir meir enn 10 år gammal.

Sidan 2022 har det vore jobba relativt systematisk med ny plan. Forvaltar har gjort mesteparten av jobben, der ein har teke utgangspunkt i den gamle planen, oppdatert og endra der det er behov for det, og gjort endringar etter innspel frå styre, grunneigarar, brukarar og andre interessar.

Det er no krav om at forvaltningsplanar for verneområde skal inn i ein felles nettbasert mal, Forvaltningsplan på nett for verneområde (forkorta FPNV). Den nye planen er derfor lagt inn i den løysinga.

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024





Status

Eg meiner at vi no har kome so langt som vi kan før fagleg godkjenning. Planen kjennes på ein måte litt «uferdig» men det heng nok saman med malen vi skal bruke, og at ein ikkje får drive med «finpuss» på same måten som i eit vanleg dokument.

Vi har:

- Lagt inn dei endringar som var behov for med tanke på regelverk, teknologisk utvikling og erfaringar i forvaltninga.
- Oppdatert kunnskapsgrunnlaget.
- Lagt til rette for medverknad på ein slik måte at alle som har interesser har hatt høve til å kome med innspel.
- Gjort ein del endringar basert på innspel frå grunneigarar og brukarar, innafor fagleg og juridisk forsvarlege rammer.
- Lest korrektur

Som sagt so ser eg ikkje kva meir vi kan eller bør gjere før vi sender den vidare til neste steg i prosessen, som er fagleg godkjenning i Miljødirektoratet.

Prosesen vidare

Miljødirektoratet vil no gå gjennom planen og vurdere den både fagleg og juridisk. Dei skal kontrollere at planen er fagleg forsvarleg, at den er i tråd med regelverket og at den held krava til forvaltningsplan i FPNV-løysinga.

Dersom dei finn noko som må rettast eller endrast, vi vi truleg få den i retur. Vi kan risikere fleire runder fram og tilbake før planen vert fagleg godkjent, og det kan ta lang tid. Vi håpar sjølvst at det er nok med ei slik runde og at sakshandsamingstida er kort.

Når vi då får ein fagleg godkjent plan, kan den sendast på høyring. Det er ei vanleg, open høyring der alle partar og interesser har høve til å kome med fråsegn. Etter høyringa vil styret få førelagt alle høyringsfråsegnene, og de bestemmer kva endringar som skal gjerast.

Når det er gjort og vi har eit endeleg framlegg frå styret, so vert det sendt på ei siste runde til Miljødirektoratet og endeleg godkjenning der. Det brukar å vere ein formalitet og å gå ganske rakst, om det ikkje er gjort for store og prinsipielle endringar.



ST 34/24 Eventuelt

Dokumentet er signert digitalt av:

- TOMMY SÆVAREID, 04.12.2024
- KAROLINE ALDIS BJERKESET, 15.12.2024

Forseglet av



Posten Norge